

Klarspråksgevinstar av samlivet mellom bokmål og nynorsk

1 Jamstillingsvedtaket frå 1885 og seinare norsk mållovgeving

1885: Stortinget ”[anmoder Regjeringen] om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog” (det *politiske* jamstillingsvedtaket).

1930: Stortinget vedtek lov um målbruk i statstenesta, som legg det *juridiske* grunnlaget for bokmål og nynorsk som jamstelte administrasjonsmål i det offentlege.

1980: Stortinget vedtek lov om målbruk i offentleg teneste, som klargjer kva språklege rettar kommunar, fylkeskommunar og private rettssubjekt har i høve til staten. Denne lova avløyser lova frå 1930.

2 Tese

Med si forankring i ”norsk folkemål” har nynorsk eit trongare syntaktisk register enn bokmål og kan seiast å vera syntaktisk ”enklare”. Spissformulert: Visse tunge konstruksjonar som ein *kan* nytta på bokmål, dei *må* ein sky på nynorsk, elles blir

språkbruken uidiomatisk. Men dei nynorske løysingane kan ofte overførast ledd for ledd til bokmål. Slik kan det å meistra nynorsk bli ein ressurs i klarspråksarbeidet på bokmålssida.

Ein treledda framgangsmåte (bokmål>nynorsk>bokmål) har vore nytta når departement har førebudd lovframlegg. Eit utkast på bokmål har vorte omsett til nynorsk av ein nynorsk-kunnig jurist og deretter omsett tilbake til bokmål av ein bokmålskunnig jurist. Dette har særleg skjedd i samband med lover av stor allmenn interesse.

På kurs i nynorsk for statstilsette har eg gjerne bede deltakarane om å omsetja innfløkte bokmålstekster til nynorsk. Ikkje sjeldan har reaksjonen frå deltakarane vore: Men slik *bør* vi jo skriva på bokmål òg!

3 Ei fyrste tilnærming: liksverdiar for lover på bokmål og nynorsk

Det er C.H. Björnssons velkjende metode og skala som er nytta i både 3.1 og 3.2. Alt som er over 50, er etter denne skalaen ”vanskeleg”, og alt som er over 60, er ”svært vanskeleg”. Opplysningane i 3.1 er henta frå Dag Gundersen: ”Rettsspåket – tradisjon, påvirkning, forståelighet og egenart” i *Finn-Erik Vinje: Språket i lover og annet regelverk*, Oslo 1989 side 85.

3.1 Lover på bokmål

Lov	Liksverdi
Kjøpsloven (1907)	63,4
Lov om fulllbyrding av nordiske straffedommer (1963)	56,8
Lov om sosial omsorg (1964)	53,8
Offentlighetsloven (1970)	63,3
Forbrukerkjøpsloven (1974)	62,4
Arbeidsmiljøloven (1977)	50,2

Gjennomsnittleg liksverdi for dei seks lovene på bokmål: $(349,9 : 6) = 58,3$

3.2 Lover på nynorsk (utvalde på slump)

Lov	Liksverdi
Log av 29. juni 1894 nr. 1 um sams normaltids fyr kongeriket Norig (heile lova)	49,1
Log av 10. juli 1936 nr. 6 til å fremja umsetnaden av jordbruksvaror (§§ 1, 4, 7, 9, 13, 16, 19 av i alt 19 paragrafar)	51,3
Log av 27. september nr. 1 1946 om okkupasjonslovgevinga (heile lova)	42,6
Log av 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste (heile lova)	43,6
Log av 21. desember 2005 om kosmetikk og kroppsspleieprodukt (11 av i alt 22 paragrafar)	58,5

Gjennomsnittleg liksverdi for dei fem lovene på nynorsk: $(245,1 : 5) = 49,0$

4 Ordtilfang

Poenget med oppstillinga nedanfor er at dei innlånte orda er kortare og dermed, ifølgje C.H. Björnsson, lettare å lesa. Lista er ein varsamt revidert versjon av ei liste i den siterte artikkelen av Dag Gundersen side 84. Tala i parentes viser talet på bokstavar i kvart ord.

Innlånte ord frå nynorsk i vanleg bruk i bokmål	Tradisjonelle riksmåls-/bokmålsord
atføring (9)	rehabilitering (14)
edruskap (8)	edruelighet (11)
fornminne (9)	fortidsminne (12)
framhaldsskole (14)	fortsettelsesskole (17)
kostnad (7)	omkostning (10)
kunnngjøring (11)	bekjentgjørelse (15)
landssvik (9)	landsforræderi (14)
løyve (5)	tillatelse (10)
opptak (6)	opptagelse (10)
rettfærdsvederlag (17)	billighetserstatning (20)
samband (7)	forbindelse (11)
skriv (5)	skrivelse (9)

sysselsetting (13)

søknad (6)

trygd (5)

ugild (5)

vederlag (8)

beskjeftigelse (14)

ansøking (9)

pensjon (7)

inhabil (7)

erstatning (10)

Gjennomsnittleg bokstavmengd:

$144 : 17 = 8,47$

$(200 : 17) = 11,70$

5 Setningsbygning

For å leva opp til klarspråksidealet må skribenten oppfylle språklogiske krav, til dømes subjeksregelen. Men språkbruken må òg vera prega av vilje til å ta i bruk dei leksikalske og syntaktiske ressursane som ligg i god, utilgjord daglegtale.

5.1 Kortare og fyndigare

a) Bokmål: Vedlagt følger nevnte rapport.

> Nynorsk: *Rapporten ligg ved.*

> Bokmål: *Rapporten er vedlagt.*

b) Bokmål: Boken er under forberedelse og forventes utgitt om kort tid.

> Nynorsk: *Boka er i kjømda.*

> Bokmål: *Boka er i kjømda* (jf. punkt 4).

c) Bokmål: Tiltakene er av midlertidig karakter.

> Nynorsk: *Tiltaka er mellombels(e).*

> Bokmål: *Tiltakene er midlertidige.*

5.2 Kortare setningar, færre innskot

a) Bokmål: En landsfunksjon er en høyt spesialisert medisinsk virksomhet som ut fra en samlet vurdering av behandlingsbehovets størrelse, vanskelighetsgrad og kostnadene ved slik behandling bare kan utbygges på ett eller noen få steder i landet.

> Nynorsk: *Ein landsfunksjon er ei høgt spesialisert medisinsk verksemd og kan difor berre byggjast ut på éin eller nokre få stader i landet. Dette må avgjerast etter ei samla vurdering av behandlingsbehovet og kor vanskeleg og kostnadskrevjande behandlinga er.*

> Bokmål: *En landsfunksjon er en høyt spesialisert medisinsk virksomhet og kan derfor bare bygges ut på ett eller noen få steder i landet. Dette må avgjøres etter en samlet vurdering av behandlingsbehovet og hvor vanskelig og kostnadskrevende behandlingen er.*

5.3 Aktiv heller enn passiv

a) Bokmål: Søkeren gis permisjon uten lønn fram til årets utgang.

> Nynorsk: *Søkjaren får permisjon utan løn ut året.*

> Bokmål: *Søkeren får permisjon uten lønn ut året.*

b) Bokmål: [...] finne ut om det i stedet kan godtas av eierne en oppmåling etter kart for de vanskeligste områdene.

> Nynorsk: *[...] finna ut om eigarane i staden kan godta at ein/vi måler opp dei vanskelegaste områda etter kart.*

> Bokmål: *[...] finne ut om eierne i stedet kan godta at en/vi måler opp de vanskeligste områdene etter kart.*

5.4 Uttrykksmåtar utan genitivs-s

(som er mindre brukt i norsk talemål og nynorsk enn i skrive bokmål)

5.4.1 Leddsetning heller enn konstruksjon med genitivs-s

a) Bokmål: Vi har mottatt ulike signaler om kontorets fremtidige lokalisering.

> Nynorsk: *Vi har fått ulike signal om kvar kontoret skal vera.*

> Bokmål: *Vi har fått ulike signaler om hvor kontoret skal være.*

b) Bokmål: En skisse som viser etatens oppbygning [...]

> Nynorsk: *Ei skisse som viser korleis etaten er oppbygd [...]*

> Bokmål: *En skisse som viser hvordan etaten er oppbygd [...]*

5.4.2 Preposisjonssyntagme heller enn konstruksjon med genitivs-s

- a) Bokmål: bygningenes vaskeareal
> Nynorsk: *vaskearealet i bygningane*
> Bokmål: *vaskearealet i bygningene*

5.5 Tydeleggjering av det logiske subjektet

5.5.1 Det + reflexivt/passivt verb > logisk subjekt + aktivt verb

- a) Bokmål: I tillegg bes det om supplerende opplysninger i forhold til statusdelen.
> Nynorsk: *Dessutan bed vi/dei om tilleggsopplysningar om statusdelen.*
> Bokmål: *Dessuten ber vi/de om tilleggsopplysninger om statusdelen.*
- b) Bokmål: Avdelingen forutsettes å bidra med kr 100 000.
> Nynorsk: *Det er ein føresetnad at avdelinga yter kr 100 000. / Avdelinga skal yta [...]*
> Bokmål: *Det er en forutsetning at avdelingen yter kr 100 000. / Avdelingen skal yte [...]*
- c) Bokmål: Fra skoleetatens side har det vært satset mest på at PTT skal ha faste møter.
> Nynorsk: *Skuleetaten har satsa mest på at PTT skal ha faste møte.*
> Bokmål: *Skoleetaten har satset mest på at PTT skal ha faste møter.*
- d) Bokmål: Det finner sted en reduksjon av antall yrkesaktive.
> Nynorsk: *Talet på yrkesaktive går ned. / Det blir færre yrkesaktive.*
> Bokmål: *Antall(et) yrkesaktive går ned. / Det blir færre yrkesaktive.*

5.5.2 E(i)n + aktivt verb > meir presist subjekt + aktivt verb

- a) Bokmål: En viser til samtale med Dem på mitt kontor, hvor det ble hevdet at [...]
> Nynorsk: *Eg viser til samtale med Dykk/deg på kontoret mitt, der De/du hevda at [...]*
> Bokmål: *Jeg viser til samtale med Dem/deg på mitt kontor, der/hvor De/du hevdet at [...]*
- b) Bokmål: For enkelte har miljøet vært så hardt at en har sagt opp.
> Nynorsk: *For somme har miljøet vore så hardt at dei har sagt opp.*
> Bokmål: *For enkelte/noen har miljøet vært så hardt at de har sagt opp.*



5.5.3 Partisippkonstruksjon > leddsetning

- a) Bokmål: De største postene er vedtatt gjort overførbare til 2007.
> Nynorsk: *Det er vedteke / NN har vedteke at dei største postane kan overførast til 2007.*
> Bokmål: *Det er vedtatt / NN har vedtatt at de største postene kan overføres til 2007.*

5.6 I staden for ”foreta gjøring” (”substantivsjuke”)

- a) Bokmål: Siste innspill var ved flytting av trygdekantoret.
> Nynorsk: *Siste innspelet kom då trygdekantoret vart flytt.*
> Bokmål: *Siste innspill kom da trygdekantoret ble flyttet.*
- b) Bokmål: Senteret er opprettet med sikte på ivaretagelse, oppbygging og formidling av kompetanse innen et særskilt område.
> Nynorsk: *Senteret er oppretta for å byggja opp, ta vare på og formidla kompetanse på eit særskilt område. / Senteret skal byggja opp [...]*
> Bokmål: *Senteret er opprettet for å bygge opp, ivareta og formidle kompetanse på/innen et særskilt område. / Senteret skal bygge opp [...]*

- c) Bokmål: Planleggingen av brøytingen skal foretas sammen med oppsynsmann.
> Nynorsk: *Brøytinga skal planleggjast saman med (ein) oppsynsmann. / NN skal planleggja brøytinga saman med (ein) oppsynsmann.*
> Bokmål: *Brøytingen skal planlegges sammen med (en) oppsynsmann. / NN skal planlegge brøytingen sammen med (en) oppsynsmann.*
- d) Bokmål: Forhåndsgodkjenning av lokaler er foretatt på bakgrunn av innsendte tegninger.
> Nynorsk: *Lokala er førehandsgodkjende på grunnlag av dei innsende teikningane.*
> Bokmål: *Lokalene er forhåndsgodkjent(e) på grunnlag av de innsendte tegningene.*

6 Forsøk på konklusjon

Eg kan kanskje konkludera i to punkt:

- a) I klarspråksarbeidet på bokmålssida er det mykje å vinna på fritt å *velja* dei løysingane som ein er *tvinga til* å bruka på nynorsk. Dei døma vi har sett på, viser at det eg har kalla nynorske løysingar, kan fraktast så godt som ufortolla inn i bokmål.
- b) Det dette i sin tur viser, er at bokmålet, med sitt syntaktiske raffinement, ofte går utanpå nynorsken og byd på stilmiddel som, nytta i dei rette samanhengar og på rett vis, er ressursar som nynorsken vantar.

Dermed har eg sagt noko pent om både bokmål og nynorsk.